



## ÅRSMELDING 2015

### Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar), Venke Jonassen (sekretær), Tone Helen Haugland Halleraker (kasserar), Anja Våg Skjold (styremedlem), Mathias Våg Skjold (vara), Even Opsal (vara) og Daniel Roda (vara).

Det har vore eit roleg år med lite aktivitet. Styret har hatt møter via lukka Facebook-gruppe etter behov. Det har fungert veldig godt.

Hovudmålet til styret for året 2015 har vore, som dei siste åra, å skaffe nok pengar til vår avtalte støtte til idrettshallen i Vikedal. Styret gjorde i 2011 eit vedtak at me i fire år, fra 2012, skal støtte årlig med 25.000,- til drift av hallen. I tillegg gav Vikedal Ungdomslag 50.000,- i gåve til bygginga av hallen. Etter planen får Vikedal Bygdahus våren 2016 utbetalt dei etterlengta spelemidlane til idrettshallen, noko som fører til at avtalen vår med Vikedal Bygdahus om støtte går ut.

For å skaffe desse pengane arrangerte V.U.L, tradisjonen tru, musikalsk kulturkveld 12. mars, i samarbeid med vårt eminente revyband Port Salutt Band. Det var eit vellukka arrangement som nok ein gong gav gode pengar til V.U.L kassen, ca. 18.000 kr.

Under Sommarfestivalen i Vikedal arrangerte V.U.L også dette året barne – og ungdomsdisko 15.juli på Vikedal Bygdahus. Dette var eit kjekt arrangement, det gav gode pengar i kassen. Den populære figuren Kaptein Hjørnetann, som Vikedal Ungdomslag har skapt, var også populær underhaldning under årets Sommarfestival. Takk til Olav Nes (Hjørnetann), Lars Kristian Hamre og Jørgen Solheim for god skodespelarprestasjonar.

I tillegg til desse arrangementa har V.U.L leigd ut anlegget til ulike arrangement. Dette gir også trygge og gode inntekter til laget.

V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondmidlar: 16.174 kr.
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- Mva kompensasjon

# Vikedal



## ungdomslag

...for ei aktiv bygd!



Grasrotandelen har gitt oss heile 10.021 kr. Det er me veldig nøgde med. Styret må komande år prøva å rekruttera fleire til å velja Vikedal Ungdomslag som grasrotmottakar. Dette er midlar som kjem vel med.

Styret vedtok å seia opp leigeavtalen med Vindafjord Røde Kors og loftet der frå nyttår. Sjølve utflyttinga har me "somla" med, me har med andre ord ikkje klart å koma oss ut enda og betalar leige framleis. Planen er å flytta utstyr og ha øvingslokale på møterommet på bygdahuset. Styret i bygdahuset stiller seg positive til dette.

Noregs Ungdomslag inviterte til møte med lokallaga i Sandeid 16.november. Her greidde ikkje styret i VUL å stilla med folk, noko me er særers lei oss for.

Som største andelseigar i Vikedal Bygdahus stilte V.U.L med 5 representantar på årsmøtet i Vikedal Bygdahus 3. mars 2016.

Styreleiar stilte på Rogaland Ungdomslag sitt årsmøte 12.mars i Vikedalsdalen. Midtbygden UL stod som arrangør av årsmøtet.

VUL har oppgradert heimesida og fått ny nettadresse: [www.vikedalungdomslag.no](http://www.vikedalungdomslag.no)

Styret i VUL har representert laget på to arrangement i regi av Sandeid UL dette året.

Elles er det aktivitetar i den vedtekne aktivitetsplanen som ikkje blei gjennomført i 2015.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år.

**Takk for i år!**

16.03.16

**Nils Erik Eide**

Leiar Vikedal Ungdomslag

Postboks 13, 5586 Vikedal  
Mobil: 98 28 68 72  
E-post: [nils.erik@haugnett.no](mailto:nils.erik@haugnett.no)

Kontonr: 3244 05 20501  
Org.nr: 984 039 883  
[www.vikedal-ungdomslag.no](http://www.vikedal-ungdomslag.no)

# Vikedal

## ungdomslag



*...for ei aktiv bygd!*



Postboks 13, 5586 Vikedal  
Mobil: 98 28 68 72  
E-post: [niils.erik@haugnett.no](mailto:niils.erik@haugnett.no)

Kontonr: 3244 05 20501  
Org.nr: 984 039 883  
[www.vikedal-ungdomslag.no](http://www.vikedal-ungdomslag.no)